

# Rogalandsløftet 2025 - 2029

## På Stortinget for å få gjennomslag for Rogaland



### Låge og stabile straumprisar

Senterpartiet vil aldri godta eit system som gjer at straumprisane er høgare i Rogaland enn i resten av landet.

- Låge og stabile straumprisar skal vera eit gode for folk og næringsliv.
- Innføre en Norgespris også for bedrifter.
- Nei til straum til datasenter og batterifabrikkar i område der det er mangel på straum til eksisterande og samfunnskritisk industri.
- Endre straumkablene slik at me ikkje importerer straumprisane frå Europa.
- Vidareføre straumstøtta for idrett, friviljugheita og landbruk til 2030.

### Sterke lokalsamfunn i heile Rogaland

Gode lokalsamfunn er ein føresetnad for gode liv. Me vil prioritere en sterk kommuneøkonomi for å sikre gode tenester der folk bur i heile Rogaland.

- Skoler, barnehagar og helsetenester der folk bur.
- Nei til samanslåing av kommunar.
- Staten, ved statsforvaltar Bent Høie, skal blande seg mindre med lokale saker.
- Ein god eldreomsorg.

### En offensiv olje- og gasspolitikk

Stavanger sin posisjon som oljefylke og Rogaland som energifylke skal styrkes.

- Meir leiting etter og utvinning av meir olje og gass.
- Universitetet i Stavanger som eit flaggskip for petroleumsrelaterte utdanninger og forsking.
- Jobbe for at Equinor flytter fleire arbeidsplassar til Rogaland og styrke Petoro i Stavanger.

### Norges matfat

Rogaland skal vera Norges fremste matregion, med eit sterkt miljø for lokalmat.

- Satsing på matfylket Rogaland gjennom en offensiv jordbrukspolitikk.
- Nulltoleranse for industri og bustader på matjord, og Rogaland skal bidra til at det nasjonale jordvernmalet blir nådd.
- Beredskapslagring av korn i Rogaland.
- Rogaland skal doble sin del av Noreg sin samla produksjon av lokalmat.
- Opne opp for lokale utsal av eigenprodusert alkohol i reiselivssamanhang.
- Utvikle fiskerihamnene våre, og jobbe for å styrke oppdrettsnæringa innanfor berekraftige rammer.



## Satsing på samferdsel

Senterpartiet vil ha ei stor satsing på samferdsel i Rogaland.

- Oppstart på nye prosjekter på E39, E134 og RV 13 i neste stortingsperiode.
- Rammevilkår som bidreg til at Haugesund lufthamn består med eit godt rutetilbod.
- Jobbe for å etablere nye flyruter til og frå flyplassane våre.
- Ordninga med reduserte bompengar i Ryfast permanent.
- Alle statlege og fylkeskommunale ferjesamband gratis.
- Styrke fylkesvegane i fylket, og mellom anna bidra til tunnel mellom Sauda og Etne.
- Bygge Eigerøy bru og Karmsund bru.
- Eit godt busstilbod.
- Endre nullvekstmålet på Nord-Jæren slik at det ikkje går ut over folk sin fridom og næringsverksemd.
- Naudsynte vedtak om Jærbanen inn i Nasjonal Transportplan.

## Sjukehus og helse

Det skal vera gode helsetenester i heila Rogaland.

- Rask fullføring av nytt sjukehus i Stavanger utan at det rammer drifta.
- Legeutdanning både i Stavanger og Haugesund.
- Etablera psykologiutdanning ved UiS
- Satse på desentralisert utdanning av sjukepleiarar i alle deler av Rogaland.
- Ein ambulanseteneste som gir alle tryggleik.
- Rogaland som nasjonalt senter for pårørandearbeid.

## Arbeidsfylket Rogaland

Rogaland skal ha høgare yrkesdeltaking enn resten av landet.

- Framleis tung satsing på yrkesfag ved at mange ungdommar vel dette.
- Halvera talet på folk som står utanfor arbeidslivet i Rogaland.
- Auke talet på studentar i Rogaland.
- Satse tungt på desentralisert utdanning.
- Legge til rette for å ta imot fleire statlege arbeidsplassar både i tettstader og byar.
- Satsing på reiselivet i Rogaland. Nei til turistskatt på overnatting og ja til turistskatt på cruise.
- Gode vilkår for næringslivet gjennom forenklingar, samarbeid mellom myndigheter og bedrifter, kostnadsreduksjonar, redusert formuesskatt og låg selskapsskatt.



## Kultur og idrett

- Full momskompensasjon til friviljugheita.
- Kjempe for at Rogaland sin del av statlege kulturløyvingar aukar.
- Støtte opp om lokale og regionale prosjekt, som til dømes Haugesund Teater.
- Ei satsing på breddeidretten i Rogaland i form av drift og investeringar.

## Narkotikafritt Rogaland

Senterpartiet vil kjempe for eit narkotikafritt Rogaland.

- Streng grensekontroll ved havnene og flyplassene i fylket.
- Gi politiet virkemidler i kampen mot narkotika.
- Styrke det narkotikaforebyggende arbeidet ved vidaregåande skular.
- Stavanger/Sandnes skal vera med på alle tiltak retta inn mot storbyane i Norge.
- Oppretthalde, fornye og vidareutvikla fengsla i Rogaland.

## Forsvar og beredskap i Rogaland

Ei ny tid betyr ei kraftig satsing på forsvar og beredskap.

- Forsvarsanlegga i Rogaland må utviklast vidare.
- Styrke HV08 og utvikle Madlaleiren.
- Ruste opp den militære delen av Sola flyplass.
- Rogaland som prøvefylke for allmenn verneplikt for alle ungdommar.
- Støtte opp om det friviljuge skyttarvesen.
- Høgare satsing på beredskap i næringslivet – ikkje minst i olje og gassindustrien.
- Endre «Nysnø klimainvestering» til «Nysnø klima- og forsvarsinvesteringer»

## Fornuftig klima- og miljøpolitikk

Senterpartiet trur på aktiv bruk som eit betre alternativ enn vern.

- Ta vare på naturen gjennom ein berekraftig bruk framfor vern.
- Gje kommunane vetorett mot nye utbyggingar av vindkraft.
- Oftare legge kraftkabler i bakken/sjø framfor luftspenn.
- Halde landskapet opent gjennom ein aktiv skogpolitikk og beitebruk.
- Ha tenester nærmere der folk bur for å hindre unødvendig transport.
- Jobbe saman med næringslivet for å utvikle betre grøne løysingar.



## Mindre makt til Oslo – meir til Rogaland

Senterpartiet i Rogaland skal i alle politiske spørsmål forsvere Rogaland sine interesser. Me vil aktivt arbeide for å snu sentraliseringa av makt, kapital og folk til Oslo.

Me vil styrke økonomiske tiltak i distriktpolitikken som nedskriving av studielån, billegare barnehagar og gratis ferjer.

Me vil ha ei storstilt flytting av statlege arbeidsplassar ut av Oslo.

Senterpartiet seier ja til Rogaland og nei til Oslo. Og enda meir nei til å flytta makt til Brussel og EU.